



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3796 - 19/11691

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.04.2019

## Førebels vurdering av klage på løyve til etablering av 8-mannsbustad BK01 gbnr 137/203 Alver

**Tiltak:** 8-mannsbustad BK01  
**Byggjestad:** Gbnr: 137/203 Isdalstøbakken 76  
**Tiltakshavar:** Bolig & Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS

Vi viser til vedtak i saka datert 11.01.19 og klage på vedtaket datert 29.01.19.

Klage vart sendt dykk i brev datert 04.02.19. Vi viser til dykkar uttale til klagen motteken 18.02.19.

Av klagen og motteken uttale til denne går det fram at det er usemje knytt til private rettar i høve til veg, vatn og avlaup.

Det er ikkje åpenbart for kommunen at heimelshavar av gbnr. 137/203, BK01 har dei naudsynte rettar knytt til veg, vatn og avlaup.

Dette var opplysingar som ikkje var kjent for kommunen på vedtakstidspunktet då det var lagt fram avtale som gjev rett til å nytte veg, og føre fram trase for vatn- og kloakk over gbnr. 137/103.

I klage er det lagt fram dokumentasjon på at rett gjeve til veg, vatn- og kloakk for eigedom som i dag ligg som BK01 i reguleringsplan Sundheim, er trekt attende jf. dokument i saka datert 09.11.17.

Klagar har ved klage lagt ved fullmakt frå sameiget på gbnr. 137/103, som gjev rett til å forestå klage på vegne av sameiget.

Ut i frå opplysningane kommunen har motteke i etterkant av vedtaket er vår førebelse vurdering at BK01 ikkje har naudsynte rettar knytt til veg, vatn og avløp. Kommunen vurderer difor å omgjere vedtaket då det er fatta på uriktig grunnlag.

**Vi gjev partane frist til 16.05.19 til å komme til eininghet i saka før vi evt handsamar klagen.**



### **Vurdering av utsett iverksetting av vedtak**

I motteke klage er det ikkje bedt om utsett iverksetting av vedtak datert 11.01.19.

Kommunen har i saka på sjølvstendig grunnlav vurdert utsett iverksetting i saka uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje uopretteleg skade eller tap for partane dersom ein går i gang med tiltaket det er klaga på.

Det aktuelle tiltaket som er klaga på gjeld etablering av ein 8-mannsbustad.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Klage på vedtak i sak 183796 gbnr 137203 Alver (423605)

Fullmakt frå Kubeleitet sameige- Reigstad Bygg og eigedom as- sak 18-3796 (428828)

Klage på vedtak i sak 18-3796 gbnr 137203 Alver (428829)

Tilbaketrekking av erklæring 09.11.2017 (428830)

### **Kopi til:**

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Bolig & Eiendom AS	Stølen 26	5911	ALVERSUND
Reigstad Bygg og Eigedom AS	Osterfjordvegen	5914	ISDALSTØ

**Kopi til:**

124

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Postboks 103

Osterfjordvegen

124

5291

5914

VALESTRANDSFOSSEN

ISDALSTØ